



MELAND KOMMUNE
Rådmannskontoret

2003/01708 - 82	
Mottatt: 10 SEPT 2003	
ASR/JUR/SG	40
Kopi:	Avskrift:

Landbruksdepartementet
Avdeling for skog- og ressurspolitikk
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.
Vår ref. KHS

Journalp.ID 2003011335
ArkivsakID 2003001480
Arkiv nr. 000

Dato 15.09.03

MELDING OM VEDTAK

FORSLAG TIL NYE BESTEMMELSER OM OVERFØRING AV MYNDE OG NY FORSKRIFT OM SAKSHANDSAMING I KOMMUNEN - HØYRING.

Det er gjort vedtak i saka, slik det går fram av vedlagde utskrift av møteboka.

RÅDMANNSKONTORET

Kari Hjertås Stople
Kari Hjertås Stople
Konsulent

Vedlegg

MELAND KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Komite for kommunalteknikk - miljø og landbruk	26.08.03	TIB	060/03
Planutvalet	27.08.03	TIB	065/03
Kommunestyret	10.09.03	TIB	052/03

Avgjerd av: Kommunestyret	Ansv.	Arkiv: 000	Arkivsaknr
Saksbeh.: Tore-Inge Bratteteig	JHB	Objekt:	2003001480

FORSLAG TIL NYE BESTEMMELSER OM OVERFØRING AV MYNDE OG NY FORSKRIFT OM SAKSHANDSAMING I KOMMUNEN - HØYRING.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	12.06.03	Landbruksdepartementet	FORSLAG TIL NYE BESTEMMELSER OM OVERFØRING AV MYNDE OG NY FORSKRIFT OM SAKSHANDSAMING I KOMMUNEN - HØYRING.

Vedlegg.

Saksutgreiing:

Bakgrunn: Stortingsmelding 19 (2001- 2002) Om oppgåvefordeling mellom forvaltningsnivåa.

Landbruksdepartementet har sendt ut på høyring fylgjande framlegg:

- 1) *Nye bestemmelser om overføring av mynde til kommunen, fylkeslandbruksstyret, fylkesmannen, Statens Landbruksforvaltning og Bergvesenet etter konsesjonslova, jordlova, odelslova og skogbrukslova og*
- 2) *ny forskrift om saksbehandling mv. i kommunen i saker etter konsesjonslova, jordlova odelslova og skogbrukslova.*

Framlegget til nye bestemmelser og forskrifter:

Kommunane har i dag både innstillande mynde og vedtakskompetanse i høve jordlova, konsesjonslova, odelslova og skogbrukslova. Framlegget går ut på at alle konsesjonssaker og delingssaker skal avgjerast av kommunen som førsteinstans f.o.m. 1. januar 2004. Dette gjeld også i saker etter skogbrukslova, med unntak av saker som gjeld vernskoggrenser. I tillegg gjer landbruksdepartementet framlegg om å overføre avgjerslemynde til kommunane etter fleire bestemmelser i konsesjonslova, jordlova og odelslova, m.a. i saker etter jordlovas § 9 (omdisponering av dyrka og dyrkbar jord til andre føremål enn jordbruksproduksjon).

Jordvern er ei viktig nasjonal interesse, og departementet vil vurdere om det kan lagast systemer, til dømes i form av arealdifferensiering, som kommunen kan bruke som støtte i sakshandsaminga.

Etter framlegget vil kommunen si avgjerd kunne klagast til fylkeslandbruksstyret eller fylkesmannen.

I forslaget til ny konsesjonslov, jfr. OT.prp. nr. 79 (2002-2003), gjer landbruksdepartementet framlegg om at lovreglane for kravet til jord- og skogbruksfagleg kompetanse vert oppheva.

Vurdering:

Framlegget om overføringa av oppgåver til kommunen, ved at denne skal avgjera saker som førsteinstans, vil medføre ei utfordring både for administrasjonen og politikarane i kommunen. Utfordringa ligg på at kommunane følgjer opp dei sentrale politiske signala i jordvernspolitikken og til likehandsaming av saker i kommunen. Det vert difor auka trong for meir opplæring for administrasjon og politikarar. Dette avdi det vert stilt større krav til kvalitetssikring og juridisk kompetanse i sakshandsaminga.

Meland kommune er no i ferd med å slutføra eit arealdifferensieringsprosjekt og revisjon av kommuneplanen. Både desse dokumenta/karta vil verta nyttige hjelpemidlar for administrasjon, politikarar og publikum for å leggje opp til ein føreseiande og ein balansert arealpolitikk som tek omsyn til jordvernet.

Administrasjonen ser det som uheldig at kravet til jord- og skogfagleg kompetanse går ut. I dag vert mange saker avgjort hjå fylkesmannen av juristar med spisskompetanse på landbruksjuss. I tillegg peikar dei sentrale styringsmakter på kor viktig jordvern er, samstundes som krava til landbrukskompetanse vert oppheva. Trongen til jord- og skogbruksfagleg kompetanse vil derimot auka med dette framlegget. Dette meiner administrasjonen er uheldig, då desse to krava strir mot kvarandre. Endringa vil medføre at informasjon ut mot publikum vil auka, samtidig vil også arbeidet med forvaltninga av det nye regelverket krevje auka ressursar. Difor bør dei ressursane som stats- og fylkesforvaltninga får frigjort, overførast til kommunane gjennom auka rammeoverføringar.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Kommunestyret sluttar seg til administrasjonen si vurdering av saka."

26.08.2003 KOMITE FOR KOMMUNALTEKNIKK - MILJØ OG LANDBRUK

KML-060/03 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Kommunestyret sluttar seg til administrasjonen si vurdering av saka."

27.08.2003 PLANUTVALET

PLU-065/03 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Kommunestyret sluttar seg til administrasjonen si vurdering av saka."

10.09.2003 KOMMUNESTYRET

Framlegg til tilleggstekst frå Dag Erik Hagesæter, FrP:

"På bakgrunn av disse kommentarane stiller en seg positiv til å flytta mynda til kommunen."

Ved avrøysting vart framlegget frå planutvalet, med framlegget til tilleggstekst frå Dag Erik Hagesæter, FrP, samrøystes vedteke.

KS-052/03 SAMRØYSTES VEDTAK:

"Kommunestyret sluttar seg til administrasjonen si vurdering av saka.

På bakgrunn av desse kommentarane stiller ein seg positiv til å flytta mynda til kommunen."

Rett utskrift

Dato: 15/9-03.

Kari Hjeltnes stoph

Kopi til:

Landbruksdepartementet
Komite for kommunalteknikk - miljø og landbruk
Komm.avd. for natur - næring og tekniske
tenester